

NYE ALTERNATIV TIL VERJEMÅL

Legalfullmakt

Etter den nye verjemålslova vil nærstående ha ein rett til å representere eit familiemedlem som på grunn av sinnsliding eller alvorlig fysisk svekking ikkje er i stand til å ta hand om sine økonomiske interesser. Retten er avgrensa til å gjelde saker om bustad og dagleg økonomi, samt betaling av skattar, avgifter og eventuelle låneavtalar. Legalfullmakta kan typisk brukast overfor banken for å få rett til å betale rekningar via nettbank og ta ut kontantar. Det er først og fremst ektefelle og



sambuar som vil ha ein slik representasjonsrett, men dersom slike ikkje finst vil barn eller barnebarn vere aktuelle.

Framtidsfullmakt

Det kan og opprettast ei framtidsfullmakt. Ho kan bestemme at éin eller fleire namngitte personar skal representere fullmaktsgivar dersom han eller ho seinare i livet ikkje vil vere i stand til å ta hand om dei økonomiske eller personlege interessene deira. I fullmakta bestemmer ein sjølv innhaldet, kva ho skal omfatte og korleis ho skal avgrensast. Framtidsfullmakta må vere skriftleg og skal signerast av fullmaktsgivaren og to vitne.

Fylkesmannen er lokal verjemålsmyndigheit. Her vil du få den informasjonen og hjelpa du treng. I tillegg til å behandle sakene etter verjemålslova, sørgjer fylkesmannen for opplæring, rettleiing, bistand og tilsyn med alle verjene i området sitt.

Klagesaker behandlast av Statens sivilrettsforvaltning, som er sentral verjemålsmyndigheit. Den sentrale verjemålsmyndigheita fører og tilsyn med oppgåvene til fylkesmennene på verjemålsområdet.




VERJEMÅLS- MYNDIGHEITA

Informasjon og kontakt

Du vil finne meir informasjon om verjemål på Verjemålsportalen på Internett: www.vergemal.no
Kontaktinformasjon til fylkesmannen i ditt fylke finn du på www.fylkesmannen.no
Du kan og ringe eller avtale eit besøk.



TRENG DU VERJE?



Verjemål er eit viktig velferdsgode. Når ein person av ulike grunnar ikkje er i stand til å ta hand om egne interesser, kan det nemnast opp ei verje som skal hjelpe personen. Verja fungerer som ein fullmektig, og opptrer på vegner av personen for å sikre interessene hans eller hennar. Ei viktig rolle for verja er å bidra til å skape tryggleik, sørje for at personen blir høyrte og sjå til at rettstryggleiken blir tatt vare på.

Som utgangspunkt vil eit verjemål ikkje gripe inn i retten den enkelte har til å bestemme sjølv. Verjemålet skal så vidt mogleg bli tilpassa det faktiske hjelpebehovet og ønska til personen, og skal ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Oppdraget til verja kan knyte seg til økonomiske eller personlege forhold, eller ein kombinasjon.

Alle foreldre er verjer for barna deira under 18 år. For å opprette eit verjemål for ein vaksen person må tre grunnvilkår vere oppfylte.


- Personen det gjeld er ikkje i stand til å ta hand om egne interesser.
- Dette skuldast sinns- liding, psykisk utviklings- hemming eller fysisk svekking. I tillegg kan verjemål opprettast på grunn av rusmiddelmiss- bruk eller alvorleg spel- avhengigheit.
- Personen har eit konkret behov for verjemål.



VERJEMÅL

OPPNEMNING

Som hovudregel er det fylkesmannen som nemner opp verje. Eit ønske om oppretting av verjemål kan kome frå personen sjølv, ektefelle, sambuar, foreldre, barn og søsken. Og andre som står personen nær kan melde frå til fylkesmannen, som da vil vurdere saka nærare. Fylkesmannen kan i tillegg opprette verjemål av eige tiltak.



Personen det skal nemnast opp verje for skal også samtykke i fall han eller ho er i stand til å forstå kva eit slikt samtykke vil innebære. Det gjeld både opprettinga av verjemålet, kva verjemålet skal gå ut på og kven som skal vere verje.



Søknadsskjema vil og kunne sendast inn elektronisk via www.altinn.no, vel Skjema og tjenester og finn Statens sivilrettsforvaltning i nedtrekksmenyen.



Verja blir valt fordi han eller ho blir sett på som eigena til oppdraget. Ektefelle, sambuar, barn, barnebarn, nabo og nære vener kan gjerne nemnast opp som verje. Desse kjenner gjerne behova og interessene til personen aller best, og vil ofte vere ønska til verjeoppdraget.

Nokre gonger kan det likevel vere ønskeleg at andre enn nærstående fungerer som verje. Da vil fylkesmannen finne ein eigna person.

Verja tek frivillig på seg oppgåva – ingen pliktar å vere verje.

Nemner fylkesmannen opp ei verje som får honorar for oppdraget, dekkjer personen med verje sjølv kostnaden. Unntak gjeld der personen har avgrensa midlar. Det finst egne regler om når fylkesmannen skal betale.

VAL